

# Innspel frå Meland sokn – budsjett og økonomiplan

|  |   |
|--|---|
| Drift 2018-budsjettet:.....  | 2 |
| Generelt om driftstilskotet til kyrkja .....   | 2 |
| Driftstilskot: Prioritert liste over inndekking av kostnadsauke og framlegg til nye tiltak frå kyrkja .. | 4 |
| Kommmentarar til dei einssilde tiltaka:.....   | 4 |
| Driftstilskot: Prioritert liste over inndekking av eingongskostnader.....                                | 5 |
| Kommmentarar til dei einssilde tiltaka:.....   | 5 |
| Investering 2018 og seinare .....  | 6 |
| Tiltaka i kommunen sin investeringsplan vert her kort kommentert: .....                                  | 6 |
| Innspel til økonomiplan 2019-2021.....   | 6 |
| Kommentar til einssildtiltaka: .....   | 7 |
| Andre innspel til økonomiplanen .....  | 8 |
| Vedlegg:.....  | 8 |

## Drift 2018-budsjettet:


### Generelt om driftstilskotet til kyrkja

Kyrkja har dei siste åra vorte tilgodesett med kompensasjon for pris og lønnsvekst. Det har vore bra. Men elles har ingen av kyrkja sine framlegg til ekstra tiltak eller dekning for auka driftskostnader kom med frå budsjettutkasta. Driftstilskotet dekker ikkje den faktiske kostnadsauken Meland sokn har hatt.

Difor sendte soknerådet eit brev med varsel om vanskelege økonomisk situasjon i februar. Ein har i 2017 måtta redusere ei allereie hardt pressa bemanning i 2017. Det går ikkje minst ut over tilbudet til barn og unge. Vi vil peike på at tilskotet til kyrkja har vist ein klar nedgang i høve til samla kostnader i kommunen gjennom mange år. Samanlikninga med andre kommunar er heller ikkje til fordel for Meland.

### Netto driftsutgifter til kyrkja i % av netto driftsutgifter i kommunen

(Kjelde SSB, kirke, nøkkeltall)



Det betyr i praksis stillingsstopp og ingen nye tiltak dekt av kommunen. Til samanlikning har kommunen i same periode (2005-14) kommunen auka med 14% i sine årsverk iflg SSB. Det er likevel ikkje ein stor auke for ein kommune i sterk vekst i folketal. Men driftstilskotet til kyrkja sin del av totale kostnader for kommunen har gått nedoverbakke til 1% av totale

driftsutgifter i kommunen i 2015. (Sjå figuren.) Viss ein samanliknar med andre kommunar i Nordhordland ligg Meland lågast av alle.

Kyrkja er ikkje ein avdeling av kommunen, men opererer med sjølvstending budsjett og rekneskap, og pleier ikkje kome med spørsmål om ekstraløyvingar i løpet av året.

Kyrkja merkar folkeauken i sitt daglege arbeid, på lik linje med dei kommunale etatane. Kommunen sitt økonomiske ansvar for den lokale kyrkja skal vere med å dekke desse oppgåvene (Kyrkjelova §15). Talet på dåp, konfirmasjonar og gravferder er aukande i takt med folketalsauken. Kyrkja har også fått nye oppgåver lagt på seg når kristendomsundervisninga vart teken ut av skulen og gjort til trusopplæring i kyrkja. Avtaleverket for kyrkjeleg tilsette vert meir og meir på linje med kommunalt tilsette, slik at det blir færre arbeidstimar for pengane. Talet på gudstenester har gått ned dei siste 10 åra i Meland, trass i at dei burde ha vore auka opp for å nå fram til fleire menneske og nye område. Strammare prioritering av oppgåvene har også ført til at det har vorte kutta i individuell oppfølging av dåpsfamiliar, konfirmantfamiliar og oppfølging av pårørande til avdøde.

Når det gjeld administrasjon av kyrkjegardsdrifta, fører auka folketal også til fleire dødsfall og press på ledig grav-areal, som igjen krev meir innsats administrativt. Det nye opplegget med festeavgift med årleg innkrevjing har også ført til at arbeidet har auka på kontoret. Vi har måtta auke den administrative ressursen med 20% og håpar auka festeavgift vil dekke denne kostnaden etter kvart.

Det kyrkja har fått til av auka aktivitet og stillingar, har vorte betalt gjennom andre inntekter som øyremerka trusopplæringsmidlar og gåver, og gjennom tæring på oppsparte midlar.

Meland kyrkjelyd har ca. 200 frivillige som bidreg i ulike oppgåver og tenester. Vi har og ei aukande gjevartjeneste og denne utgjorde i 2016 340 000 kr. I tillegg fekk vi inn offer til eige arbeid på 150 000 og ein del andre gåver. Soknerådet vil jobbe aktivt for å auke gjevartenesta vidare. Men vi synes ikkje det er rett at vi må bruke av gåvemidlar for å dekke oppgåvene kommunen skal finansiere etter lovteksten i kl § 15. Dei oppsparte midlane burde heller vorte avsett til det etterlengta kyrkjebygget på Frekhaug.

Å satse på frivillig arbeid er smart bruk av pengar. Når stillingsressursar blir brukt klokt til rekruttering og oppfølging av frivillig arbeid, kan det føre til mange fleire menneske i aktivitet enn det ein tilsett person kan utføre. Eit godt døme er frivilligsentralen i Meland sitt gode arbeid. Kyrkja har lang tradisjon for å jobbe på denne måten. Eit ønske er å få meir ressursar til trusopplæring for barn og unge, anna ungdomsarbeid og diakonalt (omsorg og fellesskapsbygging) arbeid for både unge og vaksne. Når kyrkja må bruke av eigne gåvemidlar til å finansiere oppgåver som gudstenester og gravferder, har det lett for å gå ut

over oppfølginga av det frivillige arbeidet. Her ligg det store moglegheiter til å skaffe mange fleire hender enn det vi kan betale for, men det krev at dei frivillige blir sett og tatt vare på. Vi har mellom anna eit stort diakonalt arbeid på Møteplassen gjennom norskurs og internasjonal kafe og treffstaden Open Møteplass driven av berre frivillige. Vi er redd for at det over tid vil bli stor slitasje om ikkje oppfølginga blir oppjustert.

#### Driftstilskot:

#### Prioritert liste over inndekking av kostnadsauke og framlegg til nye tiltak frå kyrkja

| Nr.        | Framlegg til tiltak                                       | 2018       | Kommentar   |
|------------|---|------------|---|
| 1.         | Pris og lønnsvekst (2,3%)                                 | 80         |   |
| 2.         | Fullfinansiering av organiststilling frå kommunal løyving | 130        | Kyrkja har kosta auken frå 80 til 100% stilling ved innsamla midlar sidan 2012. |
| 3.         | Auka kostnad rekneskapsføring                             | 40         | Kyrkjekontoret måtte skifte rekneskapsfører frå 2016.                           |
| 4.         | Kyrkjeverje-lønnsjustering                                | 75         | Oppjustering til normalt lønnsnivå i følge KA sin lønnstatistikk                |
| 5.         | Diakonstilling  | 75         | Omgjering av ungdomsarbeidarstillinga til diakonstilling.                       |
| <b>SUM</b> | <b>Sum framlegg i auke i årleg ramme</b>                  | <b>400</b> |   |

#### Kommentarar til dei ein skilde tiltaka:

1. For å ikkje i realiteten få nedskjæring, trengs det kompensasjon for pris og lønnsvekst prosentvis tilsvarande det kommunen legg opp til etter statsbudsjettet.
2. I 2012 vart organiststillinga auka opp til 100% stilling frå tidlegare 80% stilling. Det vart varsla til kommunen, og det har vorte gjenteke. Men driftstilskotet er framleis ikkje auka. Organiststillinga/kyrkjemusikarstillinga vart auka fordi det har vore kraftig auke i folketal som fører til auke i gravferder, konfirmasjonar og anna. Ei anna viktig årsak er omsynet til den tilsette. Det er ikkje ønskjeleg for ein arbeidsgjevar å la personar gå i uønska delttidsstillingar. Kommunen si plikt til å dekke organiststilling ligg i Kyrkjelova (heretter kl) § 15 c)

Inndekking av heile denne stillinga vil hjelpe soknerådet til å bruke 20% stilling av eigne midlar til anna kyrkjelydsarbeid, ikkje minst oppfølging av frivillige, og arbeid for barn og unge. (Sjå genell del)

3. Rekneskapsføringa og lønnsarbeidet har sidan kyrkjelova i 1997 vorte utført på delvis frivillig basis og med låg betaling til dei som gjorde det. Denne ordninga var sårbar fordi det var ein person og ikkje eit firma som utførte det. I tillegg har kyrkja til liks med kommunen strenge krav om rekneskapsføring og rapportering, som kunne vere utfordrande å fylle. Det trongs ei endring, og økonomikontoret hjå kommunen kunne ikkje ta oppdraget. Det lågaste og beste tilbodet kom frå Akasia rekneskap AS. Kostnadsauken har ikkje vorte kompensert i driftstilskotet.
4. Kyrkjeverjestillinga er lønna lågt forhold snittet av kyrkjeverjer i kommunar mellom 5000 og 11.000 innbyggjarar (ifølgje KA lønnstatistikk). Årslønnsatsen i Meland er på 520.000 pr år. Snittet er på 576.000. Kvinnelege kyrkjeverjer kjem dårlegast ut i statistikken, så fremjing av likestilling er også ønskjeleg. No ligg kyrkjeverjelønna under lønnsnivået til stilling som kyrkjeverja har leiaransvar for.
5. Auka kompetanse og omgjerung av stilling. Ungdomsarbeidaren vår har ved sida av deltidsjobben bygd på sosionomutdanninga med ei diakonutdanning på masternivå. Ei slik kompetanseheving er ønskjeleg, og soknerådet omgjorde stillinga til ei diakonstilling.

#### Driftstilskot: Prioritert liste over inndekking av eingongskostnader

|            |   |            |  |
|------------|---|------------|--|
| 1.         | Ombygging av kontor til ny prestestilling | 110        | Vart utført hausten 2017                                   |
| 2.         | Vedlikehalds-plan Meland kyrkje           | 70         | Kostnad ved å bruke konsulentfirma til utarbeiding av plan |
| <b>SUM</b> | <b>Eingongs-<br/>overføring drift</b>     | <b>180</b> |  |

#### Kommentarar til dei einskilde tiltaka:

1. Soknerådet har i mange år søkt bispedømet om å få meir presteressurs. Frå hausten 2016 vart ein tilgodesett med ei 50% stilling i tillegg til den 100% stilling ein har frå før. Arbeidet som prest krev eige cellekontor og det vart nødvendig å gjere ei ombygging. Kostnaden har ikkje vorte kompensert ( «utgifter til kontorhold for prester kl. § 15 f).
2. Vedlikehaldsplan for Meland kyrkje. Det vart utført eit energirapport og ein nasjonal Kirkekontroll på kyrkja i 2017 og begge viser at det er noko etterslep i vedlikehaldet. Det er behov for å både kartlegge kor problema er no, og lage ei systematisk oppfølgingsplan for alt vedlikehald med klar ansvarsdeling. Kyrkjekontoret har ikkje kompetansen til å lage ein slik plan, og må anten leige inn konsulenthjelp eller få det som tenesteyting frå kommunen. Eit slikt samarbeid med kommunen kan kanskje spare inn noko av denne oppsette kostnaden. Ein vedlikehaldsplan vil vere nyttig i arbeid med økonomiplan.

## **Investering 2018 og seinare**

Soknerådet har ikkje lagt opp til nye investeringstiltak i 2018. Årsaka er at kommunen har med dei prioriterte prosjekta framover i sin investeringsplan for 2018 og økonomiplan for 2019-2021: Prosjekt 570 Utviding av kyrkjegard, prosjekt 578 Kjøp av sentrumsareal, 579 Nytt varmeanlegg og kabelnett og 581 Kyrkje/kulturhus. Kommunen legg også inn nye vindu til kyrkjestova på prosjekt 762 Kommunale bygg. Andre framlegg til investeringar er lagt inn i framlegg til økonomiplan, fordi vi ikkje ser det som realistisk å få med meir i 2018.

Tiltaka i kommunen sin investeringsplan vert her kort kommentert:

1. Prosjekt 570 Utviding av kyrkjegard: Behovet for utviding av kyrkjegard er kjent og planlegginga er vedteken og sett igang.
2. Prosjekt 578 Kjøp av sentrumsareal. Står på 2017-budsjettet. Kjøpet av tomt er heilt avgjerande for å kome vidare i planlegging og motivasjon til frivillig innsats for eit kyrkje/kulturbygg, ikkje minst innsamlingsarbeid.
3. 579 Nytt varmeanlegg og kabelnett: Kyrkja sitt varmeanlegg er utdatert. Det same gjeld det elektriske ledningsnettet frå 50-talet med juteomslag som kan utvikle seg til å bli brannfarleg. (Det mest risikable er utbetra). Isolasjonen er ikkje god nok i bygget. Energirapporten frå 2017 syner eit behov for ein stor utbetring viss ein skal kunne spare vesentleg med straumutgifter.
4. 581 Kyrkje/kulturhus: Tiltaket er argumentert for i andre dokument. Viser spesielt til vedlegget med behovsanalyse.
5. 762 (Kommunale bygg) Vindauge til kyrkjestova. Kyrkjestova er det vesle gamle kommunehuset på Meland frå 1909, brukt til ulike kommunale tenester tidlegare (kommunehus, framhaldskule, bibliotet). No er det kyrkja som bruker det, hovudsakleg til barne- og ungdomsarbeid. Skifertaket skal restaurerast hausten 2017 pga lekkasjar. Vindaugene må også skiftast pga omfattande råteskadar i 1. etasje.

## **Innspel til økonomiplan 2019-2021**

Nesten alle innspela til økonomiplanen ber preg av den pressa situasjonen Meland kyrkjelyd har utan ei meir egna kyrkje enn den eine på Meland. Noko fordi det eine bygget blir hardt pressa i kapasiteten og ein treng meir rom. Noko fordi bygget får stor innvendig slitasje pga intensiv bruk. Ei nybygging vil difor avlaste Meland kyrkje noko for det harde presset på ei 150 år gamal kyrkje

Sjå også førre avsnitt om prosjekt 570, 578, 579, 581 og 762 i kommunen sin investeringsplan.

| Nr. | Framlegg til tiltak  | 2019 eller seinare | Type tiltak  |
|-----|--|--------------------|--|
| 1.  | Maling av Meland kyrkje  | 500                | Drift – eingongskostnad                              |
| 2.  | Oppussing av tilbygg   | 500                | Investering  |
| 3.  | Brakker til søndagsskulen og trusopplæringstiltak som dåp og konfirmasjon. | 65                 | Drift – årleg kostnad fram til nytt bygg på Frekhaug |
| 4.  | Nye puter i benkane  | 100                | Investering  |
| 5.  | Ny løpar i midtgang  | 100                | Investering  |
| 6.  | Skifte ut ein del benkar med stolar  | 100                | Investering  |

#### Kommentar til einskildtiltaka:

1. Meland kyrkje vart sist mala i 2010. Spesielt tårnvegg mot vest viser teikn til malingsslitasje og råtne bord.
2. Tilbygget på kyrkja frå 1971 (ca 80 kvm BYA) har ikkje vorte vesentleg oppgradert sidan bygging. Det seier seg sjølv at eit nesten 50 år gammalt hus treng oppgradering. Romløyisinga er prega av anna bruk og behov då det var bygd enn no. Slitasjen er stor. VVS-anlegget er svært utidsmessig. Bårerommet vart teke ut av bruk for mange år sidan og er no lager, «vaskerom» og «kjøkken». Kyrkjegardsrommet vart teke ut av bruk når lageret vart bygd ved øvre kyrkjegard. Ei mindre ombygging vart gjort i 2015, då for å gje søndagsskulen litt meir plass og gje dåpsfolk litt meir dedikert plass i det gamle kyrkjegardsrommet.
3. Det er eit påtrengande behov for meir plass til søndagsskulen, trusopplæringstiltak for barn og unge som konfirmantundervisning. Inntil vi har fått ny kyrkje på Frekhaug kan modulbygg/brakke på Meland utan innlagt vatn vere ei løysing. Det vil kunne føre til at dåpsfamiliane får litt verdigare forhold, fordi søndagsskulen får sine egne rom under gudstenesta. Med litt meir rom ved Meland kyrkje, er det lettare å planlegge andre type tiltak i og ved kyrkja, spesielt tiltak for barn og unge i trusopplæringa.
4. Putene i benkane i kyrkja er øydelagte fordi skumgummien krøllar seg inni stoffet. Det har vorte gjort fleire forsøk på utbetring utan hell.
5. Løparen i midtgangen i kyrkjerommet viser sterke teikn på slitasje.
6. Fordi Meland kyrkjelyd må klare seg med den eine kyrkja inntil vidare, er det ønskje om stolar som kan erstatte ein del av benkane i kyrkja. Det vil lette forholda under

gudstenester med mykje aktivitet, kyrkjekaffien, konsertar mm. Ei slik endring må godkjennast av biskop/riksantikvar.

### Andre innspel til økonomiplanen

Kommunen må legge inn nødvendige midlar og arbeidsinnsats for å overføre heimlane på kyrkje og kyrkjegard til Meland sokn, og det bør vere i orden til samanslåinga i 2020. Samanslåinga av dei tre kyrkjelege fellesråda i Lindås, Meland og Radøy vil også krevje ein del prosjektkostnader. Eigen søknad frå den kyrkjelege fellesnemnda kjem til den kommunale fellesnemnda. Kostnaden skal dekkast innanfor den potten kommunane får til samanslåing.

### Vedlegg:

Budsjett og årsrekneskap for 2016- Meland sokn.

Årsmelding for 2016 – Meland sokn

Dokumenta fins også her: <https://kyrkja.no/nn-NO/fellesrad/melandkyrkja/om-menigheten/rad-og-utvalg/arsmelding-og-rekneskap/>

Budsjett for 2017 – Meland sokn.

Kyrkje/kulturbygg på Frekhaug. Behovsanalyse.